

Snart 100 i mot eigedomskatt

10.02.2009

Lista mot innføring av eigedomskatt som Kjell Ivar Bjørgen har lagt ut mellom anna på SPAR i Uskedalen har fått stor og spontan respons. Han melder at oppslutnaden er stor også i andre bygder og tettstader.

Inntil tysdag ettermiddag hadde 87 skreve namnet sitt på lista i Uskedalen, ei bygd der det bu rundt rekna 1.000.

Nøkkelopplysningen på lista er at politikarane etter kvart truleg vil bruka maksgrensa som er sju promille og at dei som har eit husvære taksert til ein million dermed år ein tilleggsskatt på 7.000 kroner.